

Kvartalsrapport

2-2012



Labb og Line-løp er populære – her fra årets «Goldagsløp».

SpareBank
HALLINGDAL



Kommentarar 2. kvartal 2012

Konsernet

Konsernet omfattar morbanken og dei seks heileigde dotterselskapa SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS, SpareBank 1 Hallingdal Invest AS, EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS, Hallingregnskap AS, Hemsedal Regnskap AS og Valdres Regnskap AS. Hallingregnskap er nytt selskap frå og med dette kvartalet etter kjøpet av selskapet i mai. Dotterselskapa har innverknad på enkeltpostar i konsernrekneskapen, men har mindre innverknad på konsernresultatet. Etter 2. kvartal er samla verknad på konsernresultatet frå desse selskapa eit overskot på 0,7 mill. kroner etter goodwill-avskrivningar.

Banken eig 7,8 % av Samarbeidende Sparebanker AS, 7,8 % i Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS og 7,7 % i Samarbeidende Sparebanker Bankinvest 2 AS, som alle er felleskontrollerte verksemdar eigd av 11 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5 % av SpareBank 1 Gruppen AS, Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS eig 19,5 % av BN Bank og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest 2 eig 19,5 % av Bank 1 Oslo Akershus. Resultatandelen frå desse felleskontrollerte verksemdene inngår i konsernrekneskapen i tillegg til morbanken og dotterselskapa. Resultatet i dei felleskontrollerte verksemdene utgjer 6,8 mill. kroner av det samla konsernresultatet på 19,3 mill. per 2. kvartal.

Morbanken

Resultatutviklinga

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 2 kvartal på 22,1 mill. kroner som tilsvarar 0,75 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet er 2,9 mill. lågare enn tilsvarande periode i fjor. Resultatet er påverka av auka tapskostnader gjennom nedskrivningar for tap på utlån. I tillegg er det framleis press på rentenettoen og høgare innlånskostnader pga. den internasjonale uvissa som rår i finansmarknaden. Likevel ser ein teikn til litt betring i kvartalet. Den føreståande bankfusjonen med Øystre Slidre Sparebank påverkar også resultatet.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 53,1 mill. kroner mot 50,5 mill. i same periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 2. kvartal på 1,80 %. I same periode i fjor var Rentenettoen 1,77 %. Rentenivået er på eit lågt nivå og historisk viser det seg vanskeleg å oppretthalde ein god Rentenetto med eit slikt lågt Rentenivå. I tillegg er priskonkurransen med på å halde Rentenettoen for norske bankar nede.

Banken har overført ein del av bustadlåna til SpareBank 1 Boligkreditt AS (Boligkreditt). Banken får provisjon på desse låna frå boligkredittselskapet. For å få eit komplett bilete av Rentenettoen, bør ein leggje til desse provisjonsinntektene i nøkkeltalet for Rentenetto. Så langt i år utgjer provisjonane 0,08 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Rentenetto og provisjonsinntektene frå overførte lån til Boligkreditt utgjer til saman 1,88 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. For same tid i fjor var talet 1,81 %.

Netto andre driftsinntekter utgjer 33,9 mill. kroner mot 28,9 mill. i same periode i fjor. Den største auken kjem frå utbytte på anleggsaksjar (1,8 mill.) og inntektsført resultat (utbytte) frå dotterselskap (0,6 mill.). I tillegg kjem auke i provisjonsinntektene på overførte lån til Boligkreditt med 1,3 mill. kroner.

Driftskostnadane etter 2. kvartal aukar frå 43 mill. i fjor til 48,4 mill. kroner i år. Alle kostnadsområde viser ein vekst, men den største auken skuldast kostnader i samband med førebuing av den vedtekte fusjonen med Øystre Slidre Sparebank til hausten. Andre kostnadsdrivarar er utskifting av kodebrikker knytt til nettbank og mobilbank, marknadsføring og fellesutgifter i alliansen. Kostnadsveksten er litt større enn forventet.

Resultatrekneskapen viser ein netto tapskostnad på 7,9 mill. kroner, og skuldast i stor grad ein auke i nedskrivningar for tap på identifiserte engasjement. Konstaterte tap hittil i år er på 0,3 mill. kroner.

Balanseutviklinga

Banken har ved utgangen av 2. kvartal ein forvaltningskapital på 6.051 mill. kroner. Forvaltningskapitalen har auka med 7,1 % siste 12 månader.

Balanseført utlån er på om lag same nivå som for eit år sidan og viser ein nedgang så langt i året. Overførte lån til Boligkreditt inngår ikkje i balanseførte utlån og med ein auke i overførte lån til Boligkreditt i kvartalet forklarar det nedgangen. Balanseførte utlån ved utgangen av 2. kvartal er 5.003 mill. kroner, noko som er berre 10,3 millionar meir enn for eit år sidan. Omrekna i % er veksten 0,2 % siste 12 månader. I bedriftsmarknaden har banken ein vekst på 5,5 %, medan personmarknaden har ein nedgang på 2,7 % siste 12 månader. Inkluderer ein lån overført til Boligkreditt (1.085 mill.) blir biletet eit anna. Veksten i privatmarknaden er då på 8 % og samla utlånsvekst på 7,2 % siste 12 månader. Banken si relative balanseeksponering mot bedriftsmarknaden er 37,3 % av samla utlån. Utlån til privatmarknaden utgjer 62,7 %.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 2. kvartal 163,8 mill. kroner av utlånsvolumet. Misleghaldet utgjer 3,3 % av brutto utlån og er på eit høgare nivå enn for eit år sidan og høgare enn banken har som målsetting. Banken har eit særleg fokus på oppfølging av tapsutsette engasjement og har i løpet av 1. halvår styrka personalressursane på området. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 57,4 mill. kroner per 2. kvartal. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Banken si portefølje av renteberande verdipapir klassifisert som omløpsmidlar utgjer 285,1 mill. kroner (obligasjonar). Banken har ei samla aksjeportefølje på 104,1 mill. kroner. Av dette blir ei portefølje av norske og utanlandske aksjar forvalta av ekstern forvaltar som per 2. kvartal er bokført til 41,0 mill. Resterande aksjeportefølje på 63,1 mill. kroner er aksjar bokført som anleggsmidlar. I tillegg har banken aksjar i tilknytte konsernselskap (bl. a. Samarbeidende Sparebanker AS, BN Bank og Bank 1 Oslo) med til saman 100,7 mill. kroner. Aksjar i dotterselskap utgjer 59,6 mill. kroner.

Innskota ved utgangen av kvartalet er på 3.869 mill. kroner, og er ein auke på 322,8 mill. frå same tid i fjor. Omrekna i prosent er auken siste året på 9,1 %. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalsslutt er på 77,3 % mot 71,0 % på same tid i fjor.

Banken har per 2. kvartal til saman 1.300 mill. kroner i eksterne innlån, 5 obligasjonslån på til saman 1.049 mill. kroner og 2 banklån pålydande til saman 250 mill. kroner. Av innlåna har 400 mill. kroner løpetid på under eit år. Banken har ein oppgjærskreditt på 40 mill. kroner.

Banken sin soliditet er god. Kapitaldekninga er på 16,5 % ved utgangen av 2. kvartal og er godt over det lovmessige kravet på 8 %, samt interne kapitalmål. Resultatet hittil i år er ikkje teke med i grunnlaget for utrekning av kapitaldekning. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

Framtidsutsikter

I slutten av juni godkjente Finansdepartementet fusjonen mellom SpareBank 1 Hallingdal og Øystre Slidre Sparebank. I tillegg godkjente departementet oppretting av ei Sparebankstifting i Hallingdal og ei i Valdres som blir eigarar av banken sine eigenkapitalbevis. Arbeidet fram mot ein teknisk fusjon vil halde fram for fullt utover hausten og vil krevja ein del administrativ innsats i begge bankar. Fusjonen vil påverke kostnadsbiletet for året.

Ordinær bankdrift ser ut til å gå om lag som forventet med ein positiv utlånsvekst innafor bedriftsmarknaden, men ein svakare marknad enn venta har ført til auka nedskrivning på tidlegare tapsmerka engasjement. Om ikkje marknaden betrar seg for næringslivet, kan ytterlegare nedskrivningar koma.

Banken kjøpte selskapet Hallingregnskap AS i mai. I konsernet inngår per i dag 3 selskap innafor rekneskap/økonomi. Dette verksemdsområdet utgjer no ein betydeleg del av konsernet si samla verksemd – både i talet på tilsette og i omsetning. I løpet av 2. halvår vil dette verksemdsområdet gjennomgå ei restrukturering.

Hallingdal, 30.06.12/13.08.12

Kjell Vidar Bergo Odd Holde Kjell R. Kristiansen
Formann

Sissel Bjørøen Ellen M. Intelhus Mikael Fønhus Kristin Ourom

Resultatrekneskap 2. kvartal 2012 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK						KONSERN				
Året 11	2. kv. 11	2. kv. 12	30.06.11	30.06.12		30.06.12	30.06.12	2. kv. 12	2. kv. 11	Året 11
240 811	57 812	62 507	115 798	125 883	Renteinntekter og liknande inntekter	124 682	114 517	61 740	57 117	237 933
136 363	32 514	35 056	65 264	72 748	Rentekostnader og liknande kostnader	72 808	65 337	35 073	32 514	136 308
104 448	25 298	27 451	50 534	53 135	Netto rente- og provisjonsinntekter	51 874	49 180	26 667	24 603	101 625
10 298	9 280	10 823	9 637	12 605	Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk.	8 980	12 958	3 184	7 556	23 211
37 689	9 280	10 325	18 308	19 887	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	19 887	18 308	10 325	9 280	37 689
2 765	620	549	1 289	1 000	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	1 000	1 289	548	621	2 765
630	-599	-140	1 843	1 835	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	1 834	1 843	-141	-600	630
783	194	222	397	527	Andre driftsinntekter	26 743	9 422	13 165	4 391	28 903
46 635	17 535	20 681	28 896	33 853	Sum andre inntekter	56 444	41 242	25 985	20 006	87 668
151 083	42 833	48 132	79 430	86 988	Sum driftsinntekter	108 318	90 422	52 652	44 609	189 293
72 501	14 571	15 596	33 065	36 080	Løn og generelle administrasjonskostnader	52 695	39 263	23 669	17 419	89 630
1 925	477	503	957	991	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	5 470	3 811	2 886	1 994	7 116
18 648	5 049	5 553	8 930	11 314	Andre driftskostnader	13 363	7 270	6 973	4 457	19 504
93 074	20 097	21 652	42 952	48 386	Sum driftskostnader	71 528	50 344	33 528	23 870	116 250
58 009	22 736	26 480	36 478	38 602	Resultat før tap	36 790	40 078	19 124	20 739	73 043
11 090	953	6 418	1 814	7 946	Tap på utlån, garantiar mv	7 946	1 814	6 419	953	11 090
614	-	-	-	-	Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt	-	-	-	-	614
46 305	21 783	20 061	34 664	30 656	Resultat etter tap	28 844	38 264	12 705	19 786	61 339
14 227	5 300	6 000	8 700	8 600	Skatt på ordinært resultat	9 581	8 993	6 370	5 352	15 346
32 078	16 483	14 061	25 964	22 056	Resultat av ordinær drift etter skatt	19 263	29 271	6 335	14 434	45 993
-	-	-	-	-	Minoritetens andel	-	-	-	-	-
32 078	16 483	14 061	25 964	22 056	Resultat	19 263	29 271	6 335	14 434	45 993

Nøkkeltal

	MORBANK			
	2. kv. 12	2. kv. 11	Året 11	Norm 11 *)
RENTABILITET				
Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital	1,80	1,77	1,82	1,74
Driftskostnader i % av driftsinntekter	55,62	54,08	61,60	
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,64	1,51	1,62	-1,33
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	7,81	9,09	5,89	
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	5,62	6,81	4,08	4,82
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,16	0,04	0,22	0,24
FINANSIERING				
Utlånsvekst (brutto) i % siste 12 md.	0,21	2,22	3,29	
Overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt AS (1000 kr)	1 084 546	684 331	765 473	
Utlånsvekst i % siste 12 md. inkl. overført Boligkreditt	7,20	3,30	4,30	
Innskotsvekst i % siste 12 md.	9,1	1,11	5,08	6,57
Innskot i % av brutto utlån	77,34	71,03	72,79	
Auke i forvaltn.kapitalen i % siste 12 md.	7,07	-0,72	1,57	3,38
SOLIDITET				
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)	778 402	761 624	779 302	
Kapitaldekning i %	16,48	17,32	16,81	17,63
Eigenkapitalprosent	13,34	14,04	13,43	9,10
Nedskriving i % av brutto utlån	1,15	0,84	0,99	0,84

*) Byggjer på tal frå Bankenes sikringsfond for bankar med forvaltningskapital mellom 3 og 10 mrd. kroner

Balanse per 30. juni 2012 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN		
31.12.11	30.06.11	30.06.12	EIGEDELAR	30.06.12	30.06.11	31.12.11
74 060	16 281	67 121	Kontantar og fordringar på sentralbankar	67 122	16 281	74 060
165 628	159 804	441 236	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	446 391	160 301	166 366
5 108 556	4 992 171	5 002 528	Brutto utlån til og fordringar på kundar	4 918 105	4 913 425	5 029 856
-27 553	-20 903	-36 510	- Individuelle nedskrivningar	-36 510	-20 903	-27 553
-22 900	-20 900	-20 900	- Gruppevise nedskrivningar	-20 900	-20 900	-22 900
5 058 103	4 950 368	4 945 118	Netto utlån til og fordringar på kundar	4 860 695	4 871 622	4 979 403
282 038	254 976	285 138	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	285 139	254 976	282 038
95 687	105 984	104 149	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	105 139	106 969	96 666
91 635	82 780	100 686	Eigarinteresser i tilknytt selskap	158 546	139 626	152 491
34 892	29 078	59 621	Eigarinteresser i konsernselskap	-	-	-
1 649	103	1 649	Immatrielle eigedelar	36 265	13 837	16 335
10 626	11 223	10 410	Varige driftsmidar	97 685	101 408	94 623
10 674	12 059	6 747	Andre eigedelar	18 684	12 059	19 636
26 916	28 509	28 746	Forskotsbetalingar og opptente inntekter	51 183	35 662	39 437
5 851 908	5 651 165	6 050 622	Sum eigedelar	6 126 849	5 712 741	5 921 055
			GJELD OG EIGENKAPITAL			
250 000	250 000	250 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	252 356	251 490	250 007
3 718 770	3 546 098	3 868 865	Innskot frå og gjeld til kundar	3 866 897	3 541 540	3 715 702
1 049 002	999 090	1 049 364	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	1 049 364	999 090	1 049 002
25 998	15 071	15 966	Anna gjeld	22 845	17 740	29 776
10 956	39 960	47 488	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	57 484	40 778	17 553
11 276	7 693	11 876	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	15 723	13 048	15 098
5 066 002	4 857 912	5 243 559	Sum gjeld	5 264 669	4 863 686	5 077 138
-	-	-	Minoritetsinteresser	-	-	-
-	-	-	Fond for vurderingsforskjellar	57 860	56 845	60 856
-	-	-	Annan eigenkapital	-5 267	-4 350	-2 845
771 357	747 255	771 357	Sparebanken sitt fond	771 357	747 255	771 357
14 549	20 034	13 650	Gåvefond	13 649	20 034	14 549
-	25 964	22 056	Resultat hittil	24 581	29 271	-
785 906	793 253	807 063	Sum eigenkapital	862 180	849 055	843 917
5 851 908	5 651 165	6 050 622	Sum gjeld og eigenkapital	6 126 849	5 712 741	5 921 055
			POSTAR UTANOM BALANSEN			
648 864	615 968	637 011	Betinga forpliktingar	637 011	615 968	648 864

Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
	2. kv. 12	2. kv. 11	Året 11
MISLEGHALDNE LÅN			
Brutto misleghaldne lån	163 745	118 321	120 531
- individuelle nedskrivning	35 902	21 095	24 560
NETTO MISLEGHALDNE LÅN	127 843	97 226	95 971
IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING			
Brutto utlån	1 261	-	10 496
- individuelle nedskrivning	608	-	2 992
NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.	653	-	7 504
TAP PÅ UTLÅN OG GARANTJAR			
Endring gruppe nedskrivning	-2 000	2 000	4 000
Endring individuell nedskrivning	9 720	-23	6 647
Konstatert tap i perioden	294	-	2 147
Inngått på tidl.konst. tap	(68)	-163	-1 704
TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)	7 946	1 814	11 090

Telefon 03202
Faks 3202 3901
post@sb1.no
www.sb1.no
Foretaksregisteret
937 889 631

Kundesenteret
Postboks 33
3551 Gol
Forretningsadresse
Postboks 173
3571 Ål

Ål Postboks 173 3571 Ål
Geilo Postboks 13 3581 Geilo
Gol Postboks 33 3551 Gol
Hemsedal Postboks 23 3561 Hemsedal
Valdres Postboks 183 2901 Fagernes

SpareBank
HALLINGDAL

